

Kjære medlemmar,

07.12.2022

Da er hovedlandsmøtet i NFF over for denne gongen. Forbundsleder Gerty Lund er gjenvalgt, nye medlemmar er valgt til forbundsstyre, råd og utvalg. NFF har hatt store uforutsigbare utgifter det siste året, med ny medlemsportal og nytt økonomisystem i tillegg til auka pensjonsutgifter. Dette medførte eit underskudd, som de sikkert har høyr. Rammebudsjettet for dei neste tre åra er no vedtatt, der NFF igjen skal bygge opp eigenkapitalen, i tilfelle fleire slike uforutsette utgifter inntreff i framtida. Dette skjer heldigvis med fokus på at det ikkje skal gå utover medlemmane. Mitt inntrykk er at det er mange flinke folk i alle ledd i NFF, som verner om interessane til alle medlemmane. Vi i faggruppene er glade for at vi fekk behalde kr. 150 000 som vi kan søke på blant anna til det viktige og tidkrevande arbeidet med å skrive innspel til høringar.

Landsmøtet stemte for ein ny visjon for NFF: **Sammen beveger vi samfunnet!** Den skal erstatte stolt, sterk og synlig. Som faggruppe arbeider vi absolutt etter denne visjonen alt. Og, vi opplever i 2022 at vi har lykkast godt med det. Ikkje minst ved at vi først fekk representere NFF i innspelsmøte til opptrappingsplan for psykisk helse med helseminister Ingvild Kjerkol 13. mai i år. Deretter takka ho ja til å kome på besøk til oss 21. oktober, i eit samarbeid vi i vår faggruppe og psykomotorisk fysioterapi tok initiativ til med Trondheim kommune. Her presenterte vi og faggruppeleder for eldre “Psykisk helse i eit livsløpsperspektiv” saman med ledelsen i Trondheim kommune. Helseministeren var tydeleg interessert i korleis vi som fysioterapeutar jobber for psykisk helse med kroppen som innfallsvinkel. Besøket har alt gitt ringverknader på lokalt plan, for fysioterapienheten i kommunen vart i etterkant av møtet invitert til å presentere fysioterapitjenesten for helsepolitikarane i kommunen. I ein konferanse om arbeidet med den nye Folkehelsemeldinga som skal utarbeidast, meddelte helseministeren at psykisk helse for første gong skal med i meldinga. Ho forklarte at å ivareta psykisk helse er like viktig som eksempelvis 5 frukt og grønt om dagen og derfor skal med. Vi håper og trur at vi fysioterapeutane har bidratt til den avgjerda.



BUF har i mange år saman med helsesykepleiarforbundet etterspurt eit **kompetansmiljø for helsestasjon og skolehelsetjenesten** for å samkjøre arbeidet rundt i landet. Endeleg er det innvilga

pengar til dette i Statsbudsjettet og vi i BUF skal vere med i ei referansegruppe til dette arbeidet. Dette gleder vi oss stort over! Kompetansemiljøet vil vere tilknytt Folkehelseinstituttet på Levanger: [Nasjonalt kompetansemiljø for helsestasjon og skolehelsetjenesten lokaliseres i Levanger - regjeringen.no](https://www.nasjonaltpkompetansemiljo.no)

I oktober hadde vi ein **vervekampanje**, der dei som verva nye medlemmar til BUF var med i trekninga om to NUBU-koffertar. Vi var glade for å kunne spre dei i landet, til dei heldige vinnarane på Vestlandet og i Finnmark.

Vi hadde få søkere på **stipend** hausten 2022. Dei som fekk innvilga stipend var Lene Ziener, Mette Langslet og Live Bratlie på totalt kr. 15 000. Vi minner om at alle som har vore medlem i BUF i eitt år kan søke om å få dekt midlar til kurs og konferansar, inntil kr. 5000 per år. I ei økonomisk nedgangstid som vi er inne i, håper vi i styret ved neste årsmøte å kunne auke stipendet som medlemmane våre kan søke på. Om du har andre innspel til stipendordninga vår, ta kontakt!

Webinaret vårt 3. november med tema “**Perspektiver på relasjonar i fysioterapi for barn og ungdom**” var vellykka, med opp mot 150 deltakande. Vi satser på å få til fleire medlemswebinar framover, vi opplever at det er ein veldig nyttig arena for at vi som arbeider på same felt ulike stader i landet samstemmer oss. Det neste kjem alt 14. februar og er eit gratis webinar for ledere: <https://kurs.fysio.no/Webinar-for-ledere-for-fysioterapitjenester-for-barn-og-unge>

BUF har utvikla eit nytt **workshop kurs** for dei som har ein del erfaring med barn og unge og ønsker å reflektere over eigen praksis, og kunnskapsgrunnlaget vi bygger praksisen på. Kom gjerne med innspel dersom du har forslag til korleis vi kan gjere dette kurset meir aktuelt for deg som har tatt dei fleste NFF-kursa og treng kurstimar for blant anna å oppretthalde spesialisttittelen din! <https://kurs.fysio.no/Workshop-om-tiltak-til-barn-og-ungdom>

Vi ønsker også verdens første **Kongress i barne- og ungdomsfysioterapi** som går av stabelen i **Bergen 15-17. mars 2023!** Seminarkomiteen har satt saman eit spennande program, sjekk sjøl- og benytt deg av early bird prisen som gjeld før **15.des. 2022**: <https://sites.google.com/view/bufbergen2023/start> Årsmøtet for BUF blir avvikla under kongressen, **onsdag 15.mars**. Alt no er det behov for eit nytt redaksjonsmedlem i tidsskriftet, så om nokon har lyst til å prøve det ut, er det ein gylden mulegheit no fram til valget på årsmøtet!

Hald deg fagleg oppdatert og engasjert gjennom å lese **tidsskriftet**: <https://www.barneogungdomsfysioterapi.no> I tillegg ønsker vi å informere om at innhaldet frå den Nordiske konferansen om fysisk aktivitet på oktober er tilgjengeleg på: <https://nordicconference.webflow.io/watch-the-conference>

Og- fersk i trykken i dag: **Kronikk i Adressa** som bidrag til tidlegare innlegg i forumet vårt på facebook om markedsføring av helsetenester for barn: [Midtnorsk debatt](https://www.facebook.com/midtnorskdebatt)

Vi ønsker deg ei riktig god førjulstid!

På vegne av styret, Ingunn Skogseth-Stevens, Leder i Faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi

Kontakt oss: barneogungdom@fysio.no <https://www.facebook.com/barneogungdomsfysioterapi>